

Miljøverndepartementet
Postboks 8013 Dep
0030 OSLO



**SYSSELMANNEN
PÅ SVALBARD**

**GOVERNOR OF SVALBARD
ГУБЕРНАТОР СВАЛЪБАРДА**

Vår saksbehandler:
Marie Helene Korsvoll

Vår dato:
03.04.2008

Vår ref: (bes oppgitt ved svar)
2006/00360-4

Deres dato:
19.12.2007

a.008
Deres ref:
200703588-/DH

Høyring av forslag til forskrift om eiendomsregistrering (matrikkelforskriften)

Vi viser til brev av 19. desember 2007 der revidert forslag til forskrift om eiendomsregistrering (matrikkelforskriften) er lagt ved. Vi viser òg til telefonsamtale med avdelingsdirektør Kurt Ellingsen 27. mars i år der Sysselmannen fekk utsett høringsfrist.


Sysselmannen forstår høringsnotatet og forskriftsforslaget slik på bakgrunn av kontakt med departementet at forskriftsutkastet ikkje gjer verken matrikkellova av 17. juni 2005 nr. 101 eller matrikkelforskrifta gjeldande for Svalbard no. Dermed vidarefører ein inntil vidare ordninga etablert med heimel i svalbardlova § 25. På bakgrunn av dette har Sysselmannen ingen merknader til det forskriftsutkastet som no ligg føre.


Vi forstår det slik at ein tek sikte på å utarbeide eigne forskrifter som gjer matrikkellova, inkludert overgangen frå GAB-registeret til det nye matrikkelsystemet, gjeldande på Svalbard på eit seinare tidspunkt, og minner om at det i eit slik forskriftsarbeid vil vere behov for nær kontakt med Justisdepartementet som forvaltar av svalbardlova, og Sysselmannen og Longyearbyen lokalstyre då kompetansen til å utføre kart- og delingssaker på Svalbard i dag ligg til Sysselmannen, men er delegert til Longyearbyen Lokalstyre for Longyearbyen arealplanområde. Vi legg då til grunn at behovet for særskilte tilpassingar av matrikkellova til forholda på Svalbard vil bli vurderte i et evt. kommande forskriftsarbeid.



Når det gjeld dei omtalte forslag til endringar i forskrift 15. desember 2000 nr 1265 om behandling av personopplysninger (personopplysningsforskrifta), vil ei evt. endring som omtala i personopplysningsforskrifta ikkje ha noko å seie i praksis før matrikkellova er gjort gjeldande på Svalbard, men Sysselmannen ser i utgangspunktet ingen grunn til at dette bør regulerast annleis på Svalbard enn på fastlandet.

Når det gjeld spørsmålet om kven som skal ha ansvaret for vegnamnskilting, viser Sysselmannen til at forskrift 7. oktober 2005 nr. 1219 om offentlige trafikkskilt, vegoppmerking, trafikksignaler og anvisninger (skiltforskrifta) gjeld for Svalbard, jf forskrift 10. november 1993. Forskrift 19. oktober 1979 nr. 4 til lov om kartlegging, deling og registrering av grunneiendom... (delingsforskrifta) gjeld ikkje for Svalbard slik at det i utgangspunktet ikkje er behov for ei harmonisering som nemnd. Kompetansen etter skiltforskrifta § 29 ligg i dag formelt hos regionvegkontoret, medan etter den føreslåtte endringa i skiltforskrifta vil også Sysselmannen kunne treffe vedtak for privat veg når det gjeld gate/vegnamnskilt, jf. forskrift 10. november 1993 pkt. II. Det vil for så vidt vere i samsvar med slik skiltforskrifta blir praktisert i dag, men Sysselmannen bed om at ein ved ei evt. endring i skiltforskrifta særskilt ser på kompetansefordelinga på Svalbard, inkludert spørsmålet om kven som bør ha slik kompetanse i Longyearbyen arealplanområde.


Helsing
Elisabeth. B. Løvold
Ass. sysselmann


Marie H. Korsvoll
Juridisk rådgjevar

Kopi: Longyearbyen lokalstyre